

FJORDINGEN

LOKALAVISA FOR INdre NORDFJORD NR. 9, 84. ÅRGANG LAUSSAL KR 25,-

TYSDAG 30. JANUAR 2018

FJORDINGEN.NO

- Ingen tvil om at Anders skal til OL



KLAR FOR NYTT OL: Anders Fannemel er blant dei fem mannlege hopparane som søndag fekk klarsignal frå Olympiatoppen om deltagning i dei olympiske vinterleikane i Sør-Korea. FOTO: TADEUSZ MIECZYNSKI

● - Anders Fannemel skal til OL, det er det ingen tvil om. Det seier sportsjef Clas Brede Bråthen til Fjordingen.

● Fannemel blir av sportssjefen også sett på som ein medaljekandidat i dei olympiske leikane.

SIDE 16



Sander blir lærling hos VM-vinnar

SIDE 8

Frustrasjon over stopp for Arena Stryn

SIDE 5



Steinar frå Innvik på TV i Taiwan

SIDE 6

MIDDAGSPØLSE
Gilde 500 g.

HILLERSØY FISK
Torsk naturell, lettsalta torsk, lettsalta brosme og sei fryst. 1, 5 kg.

coop
Vest SA
TI ÅF

-30%

coop
prix

-30%

coop
marked

coop
mega

X EXTRA

coop
Vest

Gjeld alle butikkene i Coop Vest i veke 5. Med etterhald om utsalde varer.



STOR INTERESSE: TV-selskapet frå Taiwan viste stor interesse for arbeidet til Filmdigitalisering AS i Innvik. FOTO: FILMDIGITALISERING AS



MEST MORO: – Mest moro. Begrensa reklameverdi! seier Steinar Hilde.



TUR: Etter filmingen tok Steinar «Stone» Hilde det taiwanske TV-selskapet på tur til Liatunet. På bildet ser vi TV-teamet saman med Steinar Hilde og dottera hans, Magdalena.



OSLO, BERGEN, TRONDHEIM - OG INNVIK: TV-selskapet frå Taiwan hadde planlagt å besøke Oslo, Bergen og Trondheim, men la også inn eit besøk hos Filmdigitalisering AS og Filmteknisk Samling i Innvik. FOTO: FILMDIGITALISERING AS

På TV i Taiwan

**Steinar Hilde
og firmaet Film-
digitalisering AS
fekk overraskan-
de besøk då eit
TV-team frå
Taiwan brått
stod i fjøsdøra.**

Filmdigitalisering AS og Filmteknisk Samling held til i eit ombygd fjøs på Hilde i Innvik.

Her har Steinar Hilde bygd seg opp si eiga verksemd, der han digitaliserer gamle filmlar i ulike format, fotografi og anna materiale.

Litt overraskande var det å få teamet frå kanalen HakkaTV på besøk. Hakka er ei kinesisk folke- og dialektgruppe i det sørlege Kina, særleg i Guangdong og på Taiwan, ifølgje Store norske leksikon.

– HakkaTV er eit fjernsynsselskap som lagar produksjonar for hakka-folket. Dei var i Norge og skulle besøke Oslo, Bergen og Trondheim, fortel Steinar Hilde.

Som den naturlegaste tinga i verda la fjernsynsteamet også inn ein stopp i Innvik, mellom Bergen og Trondheim. To dagar vart dei verande i bygda for å filme.

Og for fjernsynsfolket vart det truleg ei svært eksotisk oppleveling å besøke det gamle fjøset med filmspolar og videokassettar.

– Dette var stort sett folk i

20-åra, og dei hadde aldri sett gamle videomaskiner og smalfilm i heile sitt liv. Dei meinte det ikkje fanst liknande firma i Taiwan i det heile, der måtte dei sende slike materiale ut av landet om dei ville ha det i digitalformat. Så det spørst om eg ikkje må få meg eit avdelingskontor i Taiwan, ler Steinar, som under besøket av TV-temaet vart omdøypt til mr. «Stone».

Dersom du går på Youtubekanalen HakkaTV og søker på søkeordet Innvik, kan du sjå heile innslaget frå besøket hos Filmdigitalise-

ring AS. Førebels har innslaget vore sett av vel 6.000 personar.

– Kva har dette å bety for firmaet?

– Å, det har vel vore mest for moro. Reklameverdien er vel begrensa, for å seie det slik. Svært begrensa!

GUNNHILD SINDRE
gunnhild.sindre@fjordingen.no